

## **Innspel til 1.gongs høyring, Kommunedelplan Bø**

Utnyttingsgrada på tomter må aukast. Pr i dag er det eit BYA på 25 %, som også inkluderer parkeringsareal på 18 m<sup>2</sup> pr bil. Skal ein byggje meir tett i framtida er det ikkje hensiktsmessig at ein må ha store tomter for å kunne byggje seg eit hus på 120 m<sup>2</sup> og ha noko igjen av tomten til utebod, grillhus, tak over inngangsdør eller liknande. I Bø er det heller ikkje gjort skilnad på utnyttingsgrad om det er ein einebustadtomt eller fleirmannsbustad, noko som gjer det vanskeleg når det går vekk t.d 72 m<sup>2</sup> i parkeringsareal på ein tomannsbustad.

Eit anna moment er å samkjøre BYA med andre områder, både i Radøy kommune og ny Alver kommune. T.d har bustadområde på Manger opp mot 45 % BYA, og slik ein har forstått det har fleirmannsbustader også høgare BYA enn einebustadtomtar. Dette vil gjere regelverk meir føreseieleg og forståeleg, både for folk og for sakshandsamarane sin del. Det er også ein kostnadsdifferanse med i bildet. Folk i t.d Bøvågen må betale gebyr på dispensasjonssøknad for å t.d sette seg opp eit vedskjul eller grillhus, mens på Manger slepp ein unna med ei meldingssak, sjølv når tomtestorleik og BYA er det same.

**Lena Bø Nilsen**